



ÅRSMØTE 27. APRIL 2021

Klenkarberget kl 19:30

Sakliste

1. Setting av møtet
 - a. Leiar ynskjer velkommen
 - b. Godkjenning av innkalling og sakliste
 - c. Godkjenning av dei røysteføre
 - d. Val av
 - i. Møteleiar
 - ii. Skrivar
 - iii. To til å skrive under møteboka
2. Årmeldingar
3. Rekneskap
4. Budsjett
5. Medlemskontingent og treningsavgift
6. Grupper
 - a. Nedlegging av handballgruppa
 - b. Utskilling av Sommargcamp
7. Organisasjonsplan
8. Ny lov
9. Lagerhus for Sommargcamp
10. Rehabilitering av klubbhus
11. Val etter lovene

HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>
post@haugenil.no

Sak 1 Settiing av møtet

- a. Leiar helsar velkomen
- b. Godkjenning av innkalling og sakliste
- c. Godkjenning av dei røysteføre
- d. Val av
 - i. Møteleiar
 - ii. Skrivar
 - iii. To til å skrive under møteboka

Sak 2. Årsmeldingar

Viser til årsmeldingane

Sak 3. Rekneskap

Viser til rekneskapet

Tilråding frå hovudstyret

Det framlagde rekneskapet vert godkjent og overskotet på kr 97 321,26 går til styrking av eigenkapitalen.

Sak 4. Budsjett

Viser til budsjetta

Sak 5. Medlemskontingent og treningsavgift

A: Medlemskontingent

Noværande satsar

For aktive/tillitsvalde over 18 år:	kr 250,-
For aktive/tillitsvalde under 18 år:	kr 100,-
For familie:	kr 450,-
For støttemedlem:	kr 200,-

Tilråding frå hovudstyret

Inga endring av medlemskontingenten.

B. Treningsavgift

Tilråding frå hovudstyret

HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>
post@haugenil.no

Gruppene får fullmakt til å fastsette sine eigne treningsavgifter.

Sak 6. Grupper

A. Nedlegging av handballgruppa

Bakgrunn

På grunn av manglande frivillige er det ikkje mogleg å få eit styre i handballgruppa.

Tilråding frå hovudstyret

Utan eit styre kan vi ikkje ha ei gruppe og handballgruppa må difor leggast ned.

B. Utskilling av Sommarcamp

Bakgrunn

Styret i Sommarcamp og hovudstyret er samde i at Sommarcamp blir utskilt frå idrettslaget og blir eigen ideell organisasjon, men at aktiviteten held fram på Klenkarberget som før gjennom eit samarbeid med idrettslaget.

Tilråding frå hovudstyret

*Sommarcamp blir lagt ned som gruppe i idrettslaget frå 1.01.2022.
Hovudstyret får fullmakt til å overføre Sommarcamp sine eigendelar til den nye organisasjonen.*

Sak 7. Organisasjonsplan

Tilråding frå hovudstyret

Haugen idrettslag har følgjande særidrettsgrupper

fotball, friidrett, ski-langrenn og ski-alpint. Sommarcamp held fram til 31.12.2021.

Planen viser

- Gruppene til idrettslaget og kva styrer som høyrer med.*
- Organisasjonar som idrettslaget har representantar til.*
- Dei faste utvala til idrettslaget.*
- Kva organ som vel/utnemnar dei ulike styra/utvala*


Utval og representantar som er knytt til eit styre blir utnemd av det styret.

HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>
post@haugenil.no



Sak 8. Ny lov

Bakgrunn

Idrettstinget vedtok i 2019 ny lovmal og vi er forplikta til å følge den.

Framlegget til ny lov bygger på den nye malen og vidarefører innhaldet i eksisterande lov med følgjande unnatak:

- §6.1: Endra fra 20% til 30% og fra 1 G til 1,2 G
- §7.1: Endra fra 1 G til 1,2 G
- §10: Tittel endra fra «Refusjon av utgifter til tillitsvalde. Godtgjersle» til «Refusjon, godtgjersle og støtte»
- §10.4: Vidareført fra idrettslagets eksisterande lov.
- §16.14.a: Endra fra fem styremedlemmar i eksisterande lov til tre. (I tillegg til leiar og nestleiar) Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.b: Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.c: Tilføya «alle for eit år om gangen»
- §16.14.d: Endra fra tre til to medlemmar. (I tillegg til leiar) Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.e: Tilføya «alle for to år om gangen»

Sak 9. Lager for Sommarcamp

Bakgrunn

Sommarcamp treng meir lagerplass til sitt utstyr og har fått tilbod på eit lagerbygg i form av ein garasje inntil 50 m² og høgde opptil 4,0 m. Ein naturlig plassering er på parkeringsplassen ved klubbhuset nær fylkesvegen.

Tilråding frå hovudstyret

Årsmøtet godkjenner planen om å sette opp eit lagerbygg på parkeringsplassen ved klubbhuset.

Sak 10. Rehabilitering av klubbhuset

Bakgrunn

Klubbhuset bærer preg av slitasje og er moden for vedlikehald, spesielt taket som har hatt nokre lekasjer. Ei gruppe har arbeidt med saken og laga ein plan for fullstendig rehabilitering samt ei lita utviding i form av lager og tribuner. Hovudstyret har gjeve sin tilslutning og levert søknad om spelemidlar. Ein er ikkje nøydd til å gjennomføre alle punkt i søknaden

Tilråding frå hovudstyret

Klubbhuset skal rehabiliterast slik planen viser innanfor ei rame på kr 2.100.000 og med bruk av eigenkapital på kr 500.000.

Sak 11. Val etter lovene

Viser til innstilling frå valnemda supplert av hovudstyret

Valnemda har vore samansett slik

Torild S. Løviknes

Inger Mette Sefland

Øystein Haugland